

MØTEREFERAT 19. APRIL 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 19.april 2022 Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Ingebjørg Grønsdal
Opning:	Karen Marie Valvatne

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Marit Grimstad, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Jørgen Knudsen
Forfall: Kristine Wiersen, Ståle Betten

SAKLISTE

2022/19- 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2022/20-012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 16.03.22

Vedtak: Godkjent.

2022/21 - 350 Kyrkjemusikk

Saksutgreiing

Kantor Bjarte Aadland vert med på møtet. Han informerer om sitt arbeid. Gudstenester med all planlegging, samarbeid og gjennomføring. Korarbeid, Sanctus er eit kor med stadig ferre medlemmer og høgare alder. Gravferd er noko som tek mykje tid med all planlegging og korte fristar. Konsertar og salmekveldar, her kan ein vera kreativ og arbeida saman med ulike aktørar.

2022/22 - 217 Frivillige i trusopplæringa

Saksutgreiing

Gjennomgang av rettleiar for frivillige i trusopplæringa. Headingen må endrast før ein kan leggja den ut. Det er ikkje fellesrådet som driv trusopplæring. Ein komentar som er litt på sida av denne vegleiaren, men som gjeld trusopplæring. «mat og prat» er ikkje trusopplæring. Det skal vera eit lågterskeltilbod. Ein må få tilbake igjen den delinga av babysong og «mat og prat».

Vedtak: Soknerådet vedtek rettleiaren slik den ligg føre. Med endringa av headingen.

2022/23 – 365 17.mai

Saksutgreiing:

Det er spørsmål om frukost til Sagvåg skulekorps på morgonen. I fleire år har det i tillegg vore laga til frukost med andakt. Skal me fortsetja med dette?

Karen Marie, Marta Kristin, Oddbjørg og Ingebjørg er komite for å laga til frukost til skulekorpset. Den opne frukosten vert kl 08.30 med andakt og sang. Her tek dei som kjem med påleggssfat. Kyrkja stiller med brød og drikke.

Vedtak: Soknerådet lagar til frukost til skulekorpset. Det vert og open frukost for dei som ynskjer.

2022/24 - 217 Folk i sentrum

Saksutgreiing:

Det er kome spørsmål frå "folk i sentrum" dagane om kyrkja kan vera med på stand?

Vedtak: Soknerådet seier at dette vil me vera med på og bed staben utvikle dette utfrå dei ressursane som er tilgjengeleg.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat Stord sokneråd 23.03.22

- **Generell informasjon**

1. Våren Gjennomgang av aktivitetar soknerådet har ansvar for
 - Marta Kristin tek ansvar for misjonsinformasjon på gudstenene med takkoffer til misjonsprosjektet. Oddbjørg går inn 05.06.
 - 8. mai aktivitetsdag.
 - 26. mai gudsteneste i gapahuken i Hustrudalen. Turlaget har ansvar for kyrkjekaffi. Soknerådet stiller med lefser.
 - 26.06. Fest i vest. Kyrkjekaffi? Her kom det førebels ikkje noko konklusjon.
 - Samarbeidsmøtet 28.04. - kommunen inviterer til møte. Heine vert sendt frå Nysæter sokneråd. Jørgen tek og saka vidare til staben.
2. Hausten
 - 28.08 Vervadag Kyrkjekaffi?
 - Kyrkjelydsfest? Frivilligfest? Oktober? Set dette som sak til neste møte
 - Jubileumsgudsteneste er lagt inn som forslag i gudstenesteplanen som kjem til handsaming i neste møte.

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd	
Tid:	31.mai 2022 kl 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Jens Arne Stautland
Kaffi:	Marit Stalheim Grimstad